

Referat frå møte i Skulemiljøutvalet (SMU) og Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 29.04.25 SU kl. 18:00-20:00	Stad:	Landro skule
Desse var kalla inn:			
Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU		
Raymond Strømsnes	Foreldrerådet, nestleiar FAU		
Beate Heggernes	Undervisningspersonalet, teamleiar		
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet, elevrådskontakt		
Monica H. Sæle	Andre tilsette		
William S. Røsæther	Elevrådet		
Embla K. Landro	Elevrådet		
Arne Petter Solberg	Vara kommunal representant, politisk		
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor		
Sak nr.			
8-24/25	Status og saker frå Elevrådet		
	<p>Elevrådskontakt og elevrådsrepresentantar gir oss status frå Elevrådet. Dei fortel at det er kjekt å vere elevrådsrepresentant, og at dei opplever at dei har ei viktig rolle og eit viktig ansvar. Dei fortel vidare at det er viktig at dei gir beskjed om dei oppdager noko som ikkje fungerer som det skal, eller dei har ulike ønskjer. I forkant av elevrådsmøta, så blir det gjennomført klassemøter. I klassemøta får elevrådsrepresentantane drøfta med klassen, og tatt vidare ulike saker som klassen er oppteken av.</p> <p>Dei fortel at det er viktig at elevane engasjerer seg i ulike ting som handlar om skulekvardagen sin. Dei engasjerer seg i aktivitetar og Aktiv glede, dei har spelt inn at vi treng fleire benkar som er komen på plass, dei ønskjer at ballane blir tatt ned frå taket oftare, og dei kan rapportere om uønska hendingar eller noko som må reparerast. Dei er opptekne av å ha respekt for kvarandre og at klassane kan ha ulike ønskjer i dette arbeidet. Vi er einige om at felles mål både for elevrådet/elevane</p>		

	<p>og dei tilsette, er av vi ønskjer at Landro skule skal vere ein trygg og god plass å vere. Elevrådet jobbar også med Olweus-programmet i nokre av møta deira.</p> <p>Elevrådsrepresentantane vil på vegne av alle elevane, få takke FAU for alle gåvene dei fekk før påske. Elevane er takknemlege for at dei har fått utstyr som dei kan bruke både i friminutt, når dei har Aktiv glede-aktivitetar og i sfo-tid.</p> <p>Elevrådet vil arrangere fotballturnering no i vår, og den vil nok bli lagt til «På lag veka» mot slutten av skuleåret.</p> <p>Leiar av FAU spør elevane om kva dei eldste (5.-7. trinn) ønskjer av arrangement i regi av FAU? Det er færre elevar frå dei eldste trinna som deltek på arrangementa, og FAU er oppteken av å kartleggje kva arrangement dei eldste elevane kunne tenkje seg å delta på. FAU lurar også på om det er spesielle vekedagar som kan passe betre å arrangere noko, med tanke på trening og andre tilbod?</p> <p>Elevrådsrepresentantane tek med seg desse spørsmåla til neste møte i Elevrådet.</p> <p>Både Elevrådet og FAU kjem med spørsmål om vi ikkje kan få tatt ned ballane frå taket litt oftare? Rektor er i dialog med vaktmeister/eigedom om denne problemstillinga. Grunna kapasitetsutfordringar har det ikkje vore mogleg å få til dette like ofte som tidlegare. Det er viktig å tenkje HMS og at vi gjer det på ei forsvarleg måte. Rektor kjem med lovnad om at ballane skal bli tatt ned frå taket minst ein gong pr. måned, anten i regi av vaktmeister eller i regi av administrasjonen.</p>
<p>9-24/25</p>	<p>Status og saker frå FAU</p> <p>FAU hadde møte sist veke, og kjem med ulike spørsmål og problemstillingar som vi drøfta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 17. mai-komitèen: Oppmodar elevane til å delta i teiknekonkurransen med 17. mai som tema. Teamleiar sender ut påminning om utsett frist til 06.05. Det er allereie kome inn mange fine bidrag. • Utleige av gymsal: Skulen tykkjer det er fint at gymsalen er mykje i bruk også utanom skuletid. Det viser seg at utstyret til skulen blir mykje lånt i samband med utleige, noko som medfører stor slitasje på utstyret og ein del svinn. Skulen har ikkje mykje midlar til å kjøpa inn nytt utstyr, og må ta godt vare på det utstyret vi har. Frå no av kjem ein ikkje til å få tilgang til materialrommet ved lån av gymsal. FAU vil kjøpe inn litt utstyr som ein kan få disponere ved utleige. Det kom forslag om kanonballar, innefotball, handball og rockeringar.

	<ul style="list-style-type: none"> • Ferie-sfo på Ågotnes: FAU-leiar har fått nokre tilbakemeldingar på at tilbodet ved ferie-sfo på Ågotnes ikkje er trygt nok for våre elevar, då det ikkje er kjende vaksne til stades. Det blir meldt tilbake at ein konsekvens av dette er at ein del ikkje vil nytte tilbodet av den grunn. Rektor orienterer om at Landro skule alltid vil ha ein tilsett frå skulen til stades på ferie-sfo Ågotnes. Det har vi hatt dei to siste åra. I tida som kjem vil det vere miljøretteleiar, Ingelill Kolltveit, som er den tilsette frå Landro skule som deltek i ferie-sfo. Elles består personalet på ferie-sfo av nokre fast tilsette frå Ågotnes skule, samt nokre tilsette frå andre skular. • Kino i gymsalen: FAU spør om vi kan halde fram med å arrangere kino i gymsalen ein gong i året? Elevane tykte det var veldig kjekt med kino i skuletida, så det kan vi samarbeide om til hausten. • Godteri siste skuledag: FAU har fått spørsmål om kvifor ikkje elevane kan ha med seg godteri siste skuledag, med argumentet om at «alle andre får lov». Skular løyser ting ulikt, og slik må det vere. Ingen av møtedeltakarane frå skulen har høyrte elevane spørje etter dette dei siste åra, og skulen har jobba bevisst med gratis-skuleprinsippet, noko som er særst viktig no med dyrtid og mange familiar med dårleg råd. Det blir ikkje aktuelt for skulen å leggje opp til noko form for kjøpepress. Elevane ved Landro skule har fått utdelt noko ekstra ved ulike høve, også siste skuledag før sommaren. Dette har vore i samarbeid med FAU, og vi opplever glade og takknemlege elevar. Vi held difor fram med dagens praksis. Siste skuledag kjem representantar frå FAU og grillar pølser til elevane. Eit flott tiltak! • Sommarkonsert/sommaravslutning: Tradisjonen tru, blir det også i år arrangert sommarkonsert med ulike aktivitetar i etterkant av konserten. Dato blir 12.06, og arrangementet er for 1.-6. trinn. Elevane på 7. trinn har eigne avslutningar. Sommaravslutninga for 1.-6. trinn er eit stort arrangement med over 500 deltakarar. Lærarane legg ned mykje arbeid i konsert og aktivitetar, noko vi håpar er til glede for elevar og føresette. Tanken er at både barn og vaksne skal få ha det kjekt saman, med å delta på aktivitetane og mingle saman på skuleplassen. Av den grunn blir det ikkje i tillegg opna for at det skal vere samling på klasseromma. Vi oppmodar til gode møtepunkt på klasseromma, men desse må arrangerast til andre tidspunkt gjennom skuleåret.
10-24/25	<p>Økonomisituasjonen og konsekvensar</p> <p>Øygarden kommune står overfor vanskelege tider med tanke på økonomien, og det er allereie sett inn ulike tiltak og kutt for å redusere utgifter.</p>

	<p>Nokre av tiltaka som blir redusert er retta mot oppvekst og skule, og får konsekvensar for ulike tilbod.</p> <p>Eigedomsavdelinga får bruke mindre på vedlikehald, noko som får konsekvensar med at det tek lengre tid før ting blir reparert, og det blir etterslep på vedlikehald</p> <p>Dei kommunale tilboda om alternativ opplæringsarena for elevar med ulike tilretteleggingsbehov, er eit døme på tilbod som forsvinn neste skuleår. Landro skule har over dei siste åra bygd opp fleire ulike interne tilbod (Garen, ulike interessegrupper m.m.), i staden for å nytta kommunale tilbod. Det kan vi vere glade for no, for vi har mange elevar som treng alternative tilbod for å fungere i skulekvardagen.</p> <p>Forsvarleg drift og lovpålagte oppgåver er det som må ha hovudfokus, slik den økonomiske situasjonen er på noverande tidspunkt.</p>
<p>11-24/25</p>	<p>Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn</p> <p>Arbeidstilsynet har denne våren gjennomført tilsyn ved fleire skular i Øygarden kommune, og Landro skule er ein av skulane som har hatt besøk.</p> <p>Hensikta med tilsynet var å setje fokus på at muskel- og skjelettplagar, og psykiske plagar, er alvorlege utfordringar i norsk arbeidsliv. Undersøkingar viser at arbeidstakarar i vår næring er særleg utsett for slike plagar. Hensikta med tilsynet er å kontrollere korleis vi jobbar systematisk med å førebygge desse plagane.</p> <p>Å kome i situasjonar med vald og truslar, var noko av det som fekk merksemd under tilsynet. Skulen har jobba systematisk på dette området, men vi har likevel eit forbedringspotensiale på nokre område, og har difor fått nokre pålegg. Vi må utføre endå fleire risikovurderingar, oppdatere planar og ha eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta i påleggsgjennomføringa. Skulen jobbar aktivt med dette, og pålegga blir svart ut innan 20.05.25.</p>
<p>12-24/25</p>	<p>Status i saka som gjeld krinsjustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule</p> <p>Administrasjon og kommunedirektør har i si behandling av saka tilrådd er at krinsjusteringa blir lagt ut på høyring:</p> <p><i>1. Kommunestyret opphever vedtaket av 18.12.2024 - 151/24 punkt 2. "Kringgrensejustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule gjeldande frå august 2025."</i></p> <p><i>2. Kommunestyret vedtek å leggje saka om krinsjustering Misje og Turøy krins til Toftøy skule ut på høyring i seks veker.</i></p>

	<p>Krinsjusteringa mellom Landro og Toftøy skular for Misje og Turøy vart behandla i Levekårsutvalet 30.04.25. Tiltråinga frå Levekårsutvalet var at krinsjusteringa blir lagt ut på høyring, med 4 vekers høyringsfrist. Saka må vidare til kommunestyret 15.05.25, så endeleg vedtak har vi ikkje før det.</p>
<p>13-24/25</p>	<p>Til informasjon/orientering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Olweusundersøkinga vert gjennomført på 5.-7. trinn i veke 18-20. Dette er ei spørjeundersøking om mobbing, venskap og trivsel. • «På lag-veka» blir gjennomført mot slutten av skuleåret. Dei to siste vekene vil det vere ulike dagar med ulike aktivitetar og «På lag»-fokus. Det blir kjekt! • 12. juni blir det arrangert sommarkonsert/sommaravslutning for 1.-6. trinn. Det blir sendt ut invitasjon når det nærmar seg. • 7. trinn vil ha egne avslutningar i gymsalen. Dato kjem. • Det blir grilling i regi av FAU siste skuledag (19.06.25)
<p><i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i></p>	